

Kvifor produsere mat i Noreg?

15

MINUTTAR OM
MAT OG
LANDBRUK

NORGES BONDELAG



Kvifor produsere mat i Noreg?

Vi er heldige som bur i Noreg - verdas rikaste land. Takka vere det svarte gullet har vi stor kjøpekraft, og råd til å kjøpe stort sett all mat vi har lyst på. Men, vil det alltid vere slik?

Ein ting er sikkert: Alle må ha mat! Om 35 år vil vi vere over ni milliardar menneske på kloden. FN har berekna at verdas matproduksjon må auke med 60 prosent, skal det bli mat nok til alle. I Noreg blir vi ein million fleire om 20 år.

Kan vi stole på matvareimporten?

Vi merkar allereie klimaendringane. Temperaturen i atmosfæren aukar. Globalt er tørke blitt eit stort problem. FNs klimapanel skildrar ytterlegare forverring av denne utviklinga. Det blir varsla betydelege folkevandringar nordover frå tørkeråma områder ved ekvator.

Ei folkevandring Europa, og også Noreg, allereie opplever. Fleire munnar skal mettast, samstundes som import av mat ikkje blir like sjølvsagt som før. Å produsere meir mat til oss sjølve blir difor enno viktigare framover.

Frå fossile løysingar til det "grøne skiftet".

I Noreg har vi vorte vande til store oljeinntekter, ein høg levestandard og eit høgt kostnadsnivå. Dette er i ferd med å endre seg. Fall i oljeprisen har gjeve eit sjokk i norsk økonomi. I tillegg blir fokuset på å redusere klimautsleppa stadig større. Primærnæringar og annan landbasert næringsverksemd er over natta blitt viktigare. I framtida må vi difor utnytte jorda og skogen, både til mat og fornybar energi, langt betre. Heile landet må takas i bruk. I den nye bioøkonomien må vi kaste mindre mat, avfallstoff må utnyttast betre, og omdisponering av matjord må opphøyre.

Noreg må produsere meir mat!

- Mat er eit basisbehov, og retten til mat er ein menneskerett. Gjennom FN-konvensjonen har kvar stat forplikta seg til å sørgje for mattryggleik for innbyggjarane sine.
- I Noreg importerer vi over halvparten av maten vi et. 1000 millionar menneske i verda svelt. Difor har også Noreg eit moralsk ansvar og er etisk forplikta til å brødfø eiga befolkning.
- Klimaet endrar seg og folketalet aukar. Vi kan ikkje ta for gitt at vi kan kjøpe tomat frå Spania, potet frå Kypros eller korn frå Amerika. Det er ikkje sikkert at dei har noko å selje oss. Blir det knappheit på mat i verda, vil dei fleste land først syte for sitt eige folk og innføre eksportforbod.

Klimaet endrar seg: FNs klimapanel berekna at verdas matproduksjon kan bli redusert med inntil 2 prosent kvart tiår, samstundes vil behovet for mat auke med 14 prosent.

Kvifor landbrukspolitikk?

Mat er ei handelsvare, men landbruket produserer også mykje anna som ikkje blir omsett i ein marknad. Kan ikkje marknadskreftene berre få verke fritt?

Tek du toget frå Oslo til Trondheim, får du meir enn reisa med på kjøpet. Straks ein passerer Romeriksporten, opnar landskapet seg med bugnande kornåkrar og raude låvar. Langs breiddene ved Mjøsa blir det heile krydra med poteter, bær og grønsaker. Oppover Gudbrandsdalen beitar kyr i dei stupbratte, grønne liane. Over Dovre beitar sauen, og innover mot Trondheim er det kornåkrar som dominerer att.

Turen er vakker og variert, og viser eit kulturlandskap med spreidd busetnad som ikkje kan omsetjast for pengar. Dette er ikkje-omsettbare fellesgoder som berre landbruket kan produsere, og desse kan ein ikkje sikre utelukkande gjennom ein fri matmarknad. Difor må det først aktiv landbrukspolitikk med mål og effektive verkemiddel.

Alternativet utan landbrukspolitikk er 540 kilometer og 7 timar på toget med krattskog - landbruk finst moglegvis berre i dei aller beste dyrkingsområda. Storparten av maten vi et blir importert. Freistar det?

Landbruk byggjer på langsiktighet. Blir matproduksjonen lagd ned i dag, må vi ikkje tru vi kan produsere for fullt om nokre år. Der det før var jorder og gardsbruk, vil det vere tre og kratt, parkeringsplassar til kjøpesenter, eller bustadfelt. Sjølv om vi tek vare på dyre- og plantematerialet i "genbankar", vil det ta lang tid å få opp produksjonen. Og finst det framleis folk som har kunnskapen som trengst? Kanskje berre nokre pensjonistar med barndom frå eit gardsbruk. Tør vi ofre mattryggleiken for å skaffe oss litt billigare mat no, og heller bruke pengane på fleire klede eller ein finare bil?

Det er ikkje det same å produsere mat som å lage spikar eller joggesko

- Mat er ein biologisk produksjon, heilt avhengig av ver og vind.
- Mat er langsiktig. Vil du ha meir norsk biff, tek det om lag tre år. Fleire kviger må bli med kalv, og kalven må vekse seg stor.
- Mat må produserast der jorda er. Du kan flytte ein fabrikk, men ikkje eit jorde.
- I Noreg er berre tre prosent av landet jordbruksareal. Arealet ligg spreidd over heile landet.



Verdifullt: Dyr på beite gjev eit vakkert og variert kulturlandskap som ikkje kan omsetjast i pengar. Berre ein aktiv landbrukspolitikk vil sikre slike fellesgoder.



Stor skilnad: Matproduksjon i Noreg har spesielle utfordringar og det er ikkje føresetnader for å vere konkurransedyktig på pris med til dømes Brasil.



Kva skil Noreg frå andre land?

Noreg er våtare, kaldare, brattare, meir avsides og dyrare enn andre land.

Vi bur i eit langstrekt land langt mot nord. Samanlikna med andre land avgrensar det kjølege klimaet både avlingsnivå og kva vi kan dyrke her til lands. Samstundes er det også store skilnader innanfor landets grenser.

På Jæren haustar ein tre til fire grasavlingar, medan det i Troms og Finmark og i fjellbygdene blir hausta ein til to avlingar. Matjorda og gardane ligg spreidd over heile landet. Det gjev kostbar transport. Dyrefôr må fraktast til gardane, medan mjølk, dyr og planteprodukt skal hentast, bearbeidast og køyrast ut i butikkane.

I "verdas rikaste land" er kostnadane generelt høge. Forsikring, veterinær, elektrisk, fôr- og såvarer er eksempel på tenester og varer som er dyrare for den norske bonden enn for bønder i mange andre land. Dei som bearbeider varene, fraktar dei og sel dei i butikk, skal også ha norske løningar. Dette gjer at matvareprisane følgjer det norske kostnadsnivået og er nøydd til å vere høgare.

Desse spesielle utfordringane gjer at:


- Landbruket i Noreg er heilt avhengig av eit godt importvern med toll på ein del importerte jordbruksvarer for å utjamne kostnadsskilnadane til andre land.
- For å ta omsyn til dei store ulikskapane i produksjonstilhøve i Noreg må landbrukspolitikken innhalde verkemiddel som blir differensierte etter produksjonar, geografi og bruksstorleik. Slik kan ein utjamne inntektskilnader og leggje til rette for eit landbruk over heile landet med ein variert bruksstruktur.

Også fortrinn for norsk landbruk

Klimaet gjev smakfulle produkt, som søte jordbær, god plantehele og mindre behov for plantevernmidlar. Store avstandar gjev god dyrehelse med lite smittepress av dyresjukdommar. Antibiotikabruken i Noreg har gått kraftig ned og vi brukar langt mindre antibiotika enn dei fleste andre vestlege land.


Kva skjer i norsk landbruk?

Produktivetsframgangen i norsk landbruk er enorm. Berre oljeindustrien kan vise til tilsvarande. Framgangen er like stor som for landbruket hjå storekspertøren USA.



Produktivetsutvikling. År 2000 = 100. Kjelde: Budsjettnemnda for jordbruket

Landbruket er i drivande utvikling. Produksjonen er auka med 8 prosent sidan årtusensskiftet, men på 1/3 færre gardsbruk. Produksjonen skjer med 40 prosent mindre arbeidsinnsats, men med ti prosent større kapitalkostnader. Arbeidskraft er altså bytt ut med kapital i form av moderne fjøsar, maskiner og reiskap.



Fulldyrka areal per innbyggjar. Kjelde: SSB

Sidan årtusensskiftet har jordbruksarealet gått markant ned, medan folketalet har auka. Kornarealet har gått mest ned, med 30-40.000 dekar per år (tilsvarar 5.000 fotballbaner årleg).

Areal gror att og blir bygd ned.

Attgroing og nedbygging av matjord er hovudårsakene til arealnedgangen. For mange bønder i distrikta er det ikkje økonomi i å leige arealet på andre gardsbruk der drifta er lagd ned. Dette har særskild vore tilfelle i Agderfylka, Telemark, deler av Vestlandet, Nord-Noreg og i fjellregionane. I desse områda gror jordbruksareala att med skog og kratt.

I meir sentrale strok er den største utfordringa nedbygging av matjord til bustader, næring og samferdsle. Nedbygd jord er tapt for alltid. Myndigheitene har hatt eit nasjonalt mål om å avgrense den årlege omdisponeringa av jord til under 6000 dekar. Målet blei nådd første gong i 2013. Samtlege parti på Stortinget har no blitt einige om at målet for nedbygginga av jordbruksareal blir justert ned frå 6000 dekar til 4000 dekar årleg.

- I Noreg er berre tre prosent av arealet matjord, og kun ein prosent er godt eigna for kornproduksjon. I Danmark er rundt 60 prosent av arealet dyrkbar mark.
- Eitt dekar kornjord gjev årleg om lag 1000 brød.
- Ein fjerdedel av matjorda i dei 30 største bykommunane er bygd ned.



Nedbygging: På 20 år har vi bygd ned produksjonsarealet tilsvarande over 300 millionar brød årleg i all framtid.


Kvar skal vegen gå?

9 av 10

nordmenn vil ha eit jordbruk minst av same omfang som i dag, viser MMI-måling.

Eit samla Storting har uttala at norsk landbruk skal ha fokus på auka matproduksjon med intensjon om auka sjølvforsyning.

I praksis vil politikarane at matproduksjonen i Noreg skal auke meir enn den forventa befolkningsveksten på ein prosent i året. Politikarane er også samstemde i at reell auka sjølvforsyningsgrad betyr at det må bli produsert meir mat med utgangspunkt i norsk jord, og ikkje ved høgare import av råvarer til dyrefôr.



Utvikling i produksjon og folketal i Noreg. 2000=100. Kjelde: Budsjettnemnda for jordbruket og SSB.

Dei siste 15 åra har folketalet auka med 630.000. Auken er om lag dobbelt så stor som auken i matproduksjonen. Det auka matbehovet er dekt opp med import, og importvolumet er meir enn dubla sidan årtusenskiftet. Den brune linja illustrerer kor mykje produksjonen må auke for å nå Stortinget sitt mål om auka sjølvforsyning.

Jordbruksarealet i Noreg er spreidd. Eit anna viktig politisk mål er difor landbruk over heile landet. Blir det ikkje lagd til rette for å bruke jorda over heile landet vil det vere umogleg å nå målet om auka matproduksjon. Vi treng eit tydeleg taktskifte med langt større politisk vilje og handlekraft til å satse på landbruket.

Kva vil Norges Bondelag?

Norges Bondelag meiner politikarane har lagd gode og riktige ambisjonar for landbruket.

Inga matproduksjon utan inntekt

Skal vi nå dei landbrukspolitiske måla må ungdom ha lyst til å bli bønder. Samstundes må dagens dyktige bønder kunne investere for framtida.

I den gjeldande landbruks- og matmeldinga, som kom i 2011, blir det understreka at "Gode inntektsmoglegheiter er det viktigaste verkemiddelet for å nå dei jordbrukspolitiske måla". Vi er heilt einige, men Norges Bondelag er ikkje tilfreds med dagens inntektsmoglegheiter i næringa.

Inga produksjonsform i landbruket kan diverre konkurrere med det som er gjennomsnittsinntekta for norske lønstakarar (518 000 kroner). **Utan betre inntektsmoglegheiter ser vi det som urealistisk å nå målet om auka matproduksjon.**

Inntektsutviklinga for bøndene har vore om lag den same som for lønsmottakarane dei siste åra. Samstundes har ikkje dette vore tilstrekkeleg til å auke matproduksjonen i tråd med politikarane sitt mål. Norges Bondelag meiner hovudforklaringa ligg i at inntektsnivået er for lågt. Vi prioriterer difor arbeidet med å gjere det meir lønsamt å produsere mat i Noreg slik at inntektsavstanden mellom bønder og lønsmottakarane blir mindre.

Berekraftig landbruk

- Produsere meir god og trygg kvalitetsmat til ei aukande befolkning.
- Utnytte jord- og beiteressursar over heile landet.
- Produsere på ein klima- og miljøvenleg måte med sterkt fokus på god dyrevelferd og dyrehelse.
- Forvalte kulturlandskapet; halde det ope, vakkert og variert.
- Ta vare på matjorda for framtidige generasjonar.


Inntekt i jordbruket basert på rekneskapstal frå 850 gardsbruk

	Produksjonsomfang	Arbeidsomfang (Årsverk)	Inntekt per årsverk ¹⁾	
			Bonde 2015	Avstand andre grupper
Mjolk og storfe	25 kyr	2,0	376 000	-142 000
Korn	375 dekar	0,4	189 000	-329 000
Sau	155 sau	1,3	256 000	-262 000
Geitemjolk	125 geiter	1,8	334 000	-184 000
Svin/korn	47 avlssvin + 377 dekar	1,6	306 000	-212 000
Egg/korn	6590 høner + 273 dekar	1,5	287 000	-231 000
Potet/korn.	142/423 dekar potet/korn	1,8	455 000	-63 000
Storfeslakt	30 ammekyr	1,2	288 000	-230 000
Frukt og bær	49 dekar	1,8	283 000	-235 000
Fjorfekjøtt	126.000 fjorfeslakt	0,9	440 000	-78 000

¹⁾ Inntekt per årsverk uttrykt som "Vederlag til arbeid og eigenkapital per årsverk inkludert effekt av jordbruksrådraget". Det vil seia, kor mykje kvart gardsbruk sit att med til å dekkje alt innsett arbeid (eige og leigd) og eigenkapitalen. Eitt årsverk i landbruket er 1845 timar, medan det for lønstakaren er 1750 timer. Kjelde: Budsjettnemnda for jordbruket.

Kva verktøy vil vi bruke?

I den landbrukspolitiske verktøykassa finst fleire nyttige verktøy, der alle har ein viktig funksjon for å nå ulike landbrukspolitiske mål.



Importvern

Alle industrialiserte land og ei rekkje utviklingsland har eit importvern av eigen matproduksjon. Det gjeld også Noreg. Importvernet er avgjerande for at norsk landbruk ikkje skal utkonkurrerast av billigare varer frå land med lågare kostnader og betre agronomiske føresetnader for å produsere mat. Importvernet står sentralt for å sikre norsk produksjon av dei matvarene vi har gode føresetnader for å produsere sjølve; slik som mjølk, kjøt, korn og potet. Varer som ikkje blir produserte i Noreg eller ikkje direkte kan erstatte norske varer, kan importerast tollfritt. 46 prosent av alle typer landbruksvarer blir importerte tollfritt til Noreg.

Skal tollvernet vere effektivt, må importpris på jordbruksprodukt pluss toll vere høgare enn norsk pris. Importvernet og tollsatsane er vedtekne av Verdas handelsorganisasjon (WTO). Verdsmarknadsprisane svingar mykje. Då WTO-avtalen blei inngått i 1994 fekk Noreg difor høve til ei kvar tid å velje om tollsatsane skulle fastsetjast i kroner per kilo eller som prosent av verdien på dei ulike varene.

Noreg har i hovudsak vald kronetoll, men dette blei etter kvart ikkje lenger effektivt på fleire viktige produkt. For biffilet av storfe, lammekjøt, drikkemjøl og faste ostar som Norvegia og Jarlsberg brukar vi i dag prosenttoll. Dette er med på å sikre arbeidsplassar og verdiskaping i landbruk og matindustri i distrikta, og dannar grunnlag for å auke norsk matproduksjon.

- Gjennom EØS-avtalen gjev vi EU preferansar til vår marknad gjennom tollfrie kvotar eller nedsette tollsatsar. EU kan bl.a eksportere tollfritt 7200 tonn ost til Noreg. Kvotane sikrar forbrukarane rikeleg tilgang på bl.a franske og danske spesialostar. Det starta nye forhandlingar om desse kvotane hausten 2015.
- Noreg har også opna opp for tollfri import av jordbruksvarer frå 64 u-land. At vi har relativ høg toll til andre land, er grunnlaget for å kunne selje produkt frå desse u-landa i Noreg.

Jordbruksforhandlingar og budsjettstøtte

Norges Bondelag og Norsk Bonde- og Småbrukarlag har forhandlingsrett med Staten gjennom dei årlege jordbruksforhandlingane. Systemet er ein del av den norske samhandlingsmodellen mellom det offentlege og arbeids- og næringslivet. Det blir forhandla om:

- Prisar på sentrale varer bøndene produserer (målpris)
- Tilskot frå staten.

Bønder er sjølvstendig næringsdrivande, og endringar i prisar og tilskot skal gje bøndene auka inntektsmoglegheiter. Jordbruksforhandlingane gjev likevel ikkje bonden ein inntektsgaranti. Ein stor del av inntekta blir påverka av ver og vind, og god eller dårleg agronomi.

Pris

I jordbruksforhandlingane blir det avtalt ein målpris på engrosnivå – ein makspris gjennom året. Dette er ikkje butikkprisen eller prisen som bonden får, men prisen på vara når den er klar til vidareforedling. For eksempel prisen på heil slakta gris. Målprisen på kveite er for eksempel 3,08 kr/kg, medan eitt brød med ½ kg kveitemjøl kostar om lag 25-40 kroner per stykk i butikken.

Budsjettstønad


Tilskot til bønder blir dekt over statsbudsjettet. Utan tilstrekkeleg med budsjettmidlar vil det ikkje vere mogleg å oppfylle måla Stortinget har vedteke. For å motta tilskot må bøndene oppfylle visse kriteriar. Politkarane har blant anna bestemt at vi skal ha eit landbruk over heile landet med plass til både mindre og større gardsbruk. Difor blir det gjeve høgare tilskotssatsar der driftstilhøva er vanskelege. Eksempel kan vere regionar som ligg høgt over havet eller langt mot nord. Det blir også gjeve høgare tilskotssatsar for dei som driv i mindre målestokk. På denne måten utjamnar ein inntektene for småskalalempere og mindre gunstige produksjonstilhøve.

Det blir for eksempel gjeve tilskot for:

- å pleie kulturlandskapet gjennom aktiv drift, skjøtsel og beitedyr;
- investeringstilskot til blant anna driftsbygningar;
- ekstra tilskot til økologisk drift;
- stønad til avløysar for at bonden skal få ferie eller hjelp ved sjukdom.

Norges Bondelag vil vidareføre systemet med jordbruksforhandlingar. Då Noreg er brattare, våtare og kaldare enn dei fleste andre land må norsk landbruk i internasjonal samanheng ha eit relativt høgt tilskotsnivå.

Overføringer til jordbruket i høve statsbudsjettet



I 2015 gjekk 1,2 prosent av Statsbudsjettet til jordbruk. Frå at stønaden utgjorde rundt fem prosent på slutten av 70- og byrjinga av 80-talet, har andelen gått stadig nedover.

Opprør: Jordbruksforhandlingane 2014 enda med brøt og folkeopprør i Oslo - om lag 5000 sinte bønder og støttespelarar marsjerte gjennom gatene i Oslo.



Juridiske verkemiddel

Verdiskaping blir ikkje skapt berre gjennom økonomi og marknad. Lover og reglar må også til. Vi har blant anna odels- og konsesjonslov som skal sikre langsiktigheit og at eigeiendomen blir omsett til ein pris som gjer landbruksdrift mogleg. Det finst også lover som sikrar mattryggleik, god helse og velferd for dyra, og som avgrensar kor mykje som kan produserast på kvar gard, slik at vi forhindrar utviklinga av eit industrilandbruk. Norges Bondelag meiner:

- Det juridiske vernet av matjorda er for svakt til å hindre nedbygging
- Odels- og konsesjonslov, med bu- og driveplikt samt priskontroll ved sal av landbrukseigedomer, er viktig for å sikre den sjølveigande bonde.

Marknadsordningar

For å oppnå målprisen fastsett i jordbruksoppgjæret og unngå store prissvingingar har samvirkebedriftene Tine, Nortura og Norske Felleskjøp fått ansvar for å gjennomføre ulike tiltak for å balansere marknaden. Slike tiltak kan vere å leggje varer på fryselager når det er for mykje, og ta dei ut att når det er for lite. Bøndene finansierer systemet sjølve med eit pristrekk (omsetnadsavgift). Jo meir som må marknadsregulerast, jo større er pristrekket. Bøndene eig også samvirkebedriftene. Difor er det i bøndene si interesse at samvirket driv ei mest mogleg effektiv marknadsregulering.

Ei effektiv samvirkeorganisering og god oppslutnad om samvirke er ein føresetnad for å oppnå marknadsbalansering og stabile prisar. Konkurranselova gjev bønder som kvar for seg er små, høve til å samarbeide om marknadsbalansering.

For å leggje til rette for eit mangfald av foredlingsbedrifter har samvirkebedriftene også forsyningsplikt. Denne sikrar andre foredlingsbedrifter tilgang på råvarer og dermed forsyningar til daglegvarebutikkar og forbrukarar over heile landet.

Til dømes må Tine levere mjølk til Synnøve Finden og Q-meieria til same pris som Tine sjølv betalar for mjølka. Samvirkebedriftene har også plikt til å kjøpe mjølk, korn og kjøt frå alle bønder, uansett kor mykje dei kan levere og kvar dei bur (mottaksplikt). Blir det knappheit på ei vare, må samvirkebedriftene be myndigheitene om å redusere tollsatsane, slik at forbrukarane blir sikra nok varer gjennom import.

Marknadsordningar er altså viktig for både bøndene og forbrukarane. Dei sikrar alle bønder avsetjing av produkta sine til om lag same pris. Dei bidreg også til at forbrukarane får varene dei ønskjer, til noko lunde lik pris over heile landet. Norges Bondelag meiner difor at marknadsordningane må vidareførast.

Marknaden for jordbruksvarer skil seg frå andre marknader

- Mange og små tilbydarar
- Ein biologisk produksjon med svingingar i avlingar og ofte låg haldbarheit på produkta
- Lang "ledetid". Det vil seia at det tek lang tid frå noko blir bestemt til det får verknad på produksjonen
- Uelastiske prisar. Det betyr at ved overproduksjon må prisen senkjast veldig mykje, for å selgje litt meir av vara. Vi greier rett og slett ikkje å ete oss enno mettare.

Visste du at:

- Kvar tiande bedrift i Noreg er ei landbruksbedrift. Det finst om lag 480 000 bedrifter i Norge. 42 000 av desse er landbruksføretak.
- Matindustrien, utanom fiskeforedling, sysselset om lag 40 000 menneske, og er landets største industrisektor med ein omsetnad på om lag 140 milliardar kroner.
- Storfe og småfe som beitar i utmarka et fôr til ein verdi av om lag ein milliard kroner kvart år.
- Over 85 prosent av maten som blir produsert i verda blir seld og ete i det landet den er produsert.
- Det bondeieigde samvirket tilbyr 3500 produkt, og kvart år blir 150 nye lansert.
- Mat og fôr på den norske marknaden er produsert utan genmodifiserte organismar (GMO) og vekstfremjande hormon.
- Noreg har blant dei lågaste førekomstane av salmonella i Europa.
- Vårt landbruk brukar mindre antibiotika enn landbruket i dei aller fleste andre vestlege land.
- Norsk husdyrhelse er i verdstoppen. Førekomsten av smittestoff som kan smitte frå dyr til folk er blant dei lågaste i Europa.
- 2200 bønder driv økologisk landbruk og 5 prosent av jordbruksarealet i Noreg er økologisk dyrka.

NORGES BONDELAG

Pb. 9354 Grønland, 0135 Oslo.

Besøksadresse: Landbrukets Hus,
Schweigaards gate 34 c.

Tlf: 22 05 45 00

E-post: bondelaget@bondelaget.no
www.bondelaget.no

Bilete: Visualdays, Odd Mehus og
Norges Bondelag
Trykk: BK Grafisk

November 2015

ISBN-nummer: 978-82-7712-123-9